Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76 -

Fylke: S. & Fj.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Balestrand

Emne: Dei Kloke.

Bygdelag. Strondi.

Oppskr. av: A. Skåsheim

Gard: Skåsheim

(adresse): Balestrand

G.nr. 5 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja - for det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Kristen Skaasheim, 48 år, bonde, Balestrand
Olav Sk. —"— 76 " —"— "

SVAR

Dei mest kjende - og mest nytta naturlækjarar her var:
Jens Drægeli, Dyrdal i Sogn i åri 1860 - 1880. Stova hans var som eit sjukehus. - Han var kunnig i mange lækjeråder - og han kunde stemma blod! Biletet hans stod i Dagbladet Dagen, Bergen - truleg 1951 - eller noko seinare.

Ola Olson Hellen, Eitorn 1796 - 1875. Han var mest kjend med namn Gamle-Hellen. Han var sers dugande sårlækjar - og han kunde stemma blod! -
Biletet hans er i Bygdebok for Balestrand av Jon Laberg, sida 495. -

Balestrand 10. mars 1961
A. Skåsheim.

16208